



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Siren Økland Vardøy, 55 57 22 77

Vår dato  
21.01.2013  
Dykkar dato

Vår referanse  
2012/13704 630  
Dykkar referanse

Kunnskapsdepartementet

### **Høyringsuttale: Forskrift om tildeling av utdanningsstøtte for undervisningsåret 2013-2014**

Fylkesmannen i Hordaland har motteke høyringsutkast om endringar i forskrift om tildeling av utdanningsstøtte for undervisningsåret 2013-2014 basert på Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett.

Fylkesmannen i Hordaland støttar endringsforslaga i høyringa, men har ein merknad til forskrifta.

Fylkesmannen i Hordaland har det landsdekkjande ansvaret for opplæring innanfor kriminalomsorga, og har gjennom fleire kartleggingar av dei innsette sin utdanningsbakgrunn funne at dei både ynskjer og har behov for opplæring. Sjølv om føremålet med opplæring innanfor kriminalomsorga i hovudsak er å gje grunnskole- og vidaregåande opplæring til de innsette, er det og innsette som tek utdanning på høgare nivå i fengsla. I St. meld.nr 27 (2004-2005) er det ein uttrykt målsetjing å leggje til rette for deltaking i høgare utdanning for innsette som ynskjer det.

I 2011 var det i snitt 76 innsette som dagleg var i gong med utdanning på høgskule- og universitetsnivå (Fylkesmannen i Hordaland, 2012). Tal frå kartleggingar av utdanningsynskja til dei innsette viser at langt fleire ynskjer å gjennomføre utdanning på universitets eller høgskulenivå i fengsel. I ei undersøking frå 2009 hadde 12,3 prosent av dei innsette ynskje om å ta høgare utdanning (Eikeland, Manger, & Asbjørnsen, 2010).

Fylkesmannen i Hordaland vil understreke, slik det går fram av St.meld. nr. 44 (2008-2009), at ei god studiefinansieringsordning gjennom Lånekassen er det viktigaste tiltaket for å gjere høgare utdanning tilgjengeleg for alle, uavhengig av sosial bakgrunn. St. meld.nr 27 (2004-2005) påpeikar at det er eit stort ynskje blant dei innsette om å ta høgare utdanning, men manglande finansiering er ei hindring for dette.

Gjennom institusjonstilveret har dei innsette studentane dekkja kostnadar til livsopphald, men dei manglar midlar til læremiddel og studieavgift. Våre utrekningar viser at kostnadane for læremiddel og studieavgift vil vere i snitt 10 000 kr per studieår for kvar student.

Fylkesmannen i Hordaland ber om at § 10-3 vert endra slik at innsette i institusjon(fengsel) kan få utdanningsstøtte i form av stipend til læremiddel og studieavgift gjennom Lånekassen.

**Kjelder**

Eikeland, O. J., Manger, T., & Asbjørnsen, A. E. (2010). *Kompetanse gjennom utdanning og arbeid*. Fylkesmannen i Hordaland.

Fylkesmannen i Hordaland. (2012). *Opplæring innanfor kriminalomsorga 2011*.

Med helsing

Anne Hjermann  
Ass. utdanningsdirektør

Siren Økland Vardøy  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*